



Møre og Romsdal
fylkeskommune

PLANPROGRAM

Regional planstrategi og Fylkesplan Møre og Romsdal

2025 - 2028

Innholdsliste

1. Formål med planarbeidet	2
Kvifor regional planlegging	2
Heilskafeleg regional utvikling	3
Felles ambisjonar og mål	5
Avklare planbehov	6
Krav om planprogram	6
2. Regional planlegging i Møre og Romsdal	8
Plansystem og hierarki	8
Regional planstrategi	9
Regionale planar – Fylkesplan	11
Fylkesstrategiar	12
Økonomiplan med handlingsprogram	15
3. Rammer og føringar	16
FNs berekraftmål	16
Nasjonale forventningar	17
Økonomiske rammer	18
4. Kunnskapsgrunnlag	18
Utviklingstrekk for Møre og Romsdal	18
Oversikt over folkehelsa	20
Kunnskap om kompetanse og arbeidskraftsbehov	20
Omfattande eksisterande kunnskapsgrunnlag	21
5. Evaluering	23
6. Organisering, framdrift og medverknad	24
Organisering	24
Framdriftsplan	25
Medverknad	25
7. Innspel til oppstart av planprosessen	28

1. Formål med planarbeidet

Kvifor regional planlegging

Fylkeskommunen har ansvar for overordna strategisk samfunnsplanlegging på regionalt nivå. Dette gir moglegheit til å sjå ulike interesser, behov, problemstillingar og moglegheiter i samanheng. Denne planlegginga skal skje kvart fjerde år i samband med kommune og fylkestingsvalet og ny valperiode. Vi har derfor no kome til det tidspunktet der vi skal til å utarbeide nye regionale planar. Då må vi ha med oss kva vi ønskjer å oppnå med fylkeskommunal- og kommunal planlegging. Noko forenkla kan vi seie det slik:

- Legge grunnlag for at samfunnsutviklinga går i ei retning vi ønskjer og er samde om
- Avdekke sårbarheiter i samfunnet og gjere oss rusta til å takle konsekvensane av uønskte hendingar
- Gi klare speleregler og føreseielege rammevilkår for innbyggjarar, næringsliv og frivilligkeit – ein føresetnad for likebehandling
- Ivareta demokratiske rettar til deltaking og medverking
- Få fram ulike grupper og interessentar si innsikt gjennom deltaking og medverking

Med plan- og bygningslova frå 2008 vart omgrepet «fylkesplanlegging» erstatta av omgrepet «regional planlegging». Regional planlegging er ei lovpålagt oppgåve, jamfør plan- og bygningslova § 3-4. Føremålet med regional planlegging er å: «stimulere den fysiske, miljømessige, helsemessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen i en region.»

I kapittel 7 i plan- og bygningslova blir det stilt krav om at fylkeskommunen minst ein gong i kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeider ein regional planstrategi (sjå nærmare i kap. 2). I kapittel 8 i same lov er det bestemt at regional

Bunntekst

planmyndigkeit skal utarbeide regionale planar for dei spørsmåla som er fastsett i den regionale planstrategien (sjå nærmare under overskrifta Fylkesplan i kap. 2).

I plan- og bygningsloven sin formålsparagraf blir det slått fast at
« Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og
framtidige generasjoner.»

Regional planstrategi og fylkesplanen (regional plan) skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioritettings- og avgjerdsgrunnlag, samt vere grunnlag for god samhandling og samvirke mellom desse.

Heilsakeleg regional utvikling

Den regionale planlegginga skal ivareta det regionale perspektivet og sjå utover kommunegrensene, sektorane og forvaltningsnivåa. Regional planstrategi og regionale planar (fylkesplanen) skal fremme heilsakleg regional utvikling. Det inneber å få fram og samordne ulike behov, interesser og verkemiddel, og utnytte moglegheitene til det beste for heile fylket.

Plansystemet bygger på ein føresetnad om at det er folkevalde som gjer vedtak og legg føringar for samfunnsutviklinga. Plan- og bygningsloven er ein viktig samordningslov. All planlegging etter loven skal sikre samordning både mellom sektorar og mellom forvaltningsnivåa. Den regionale planlegginga skal også tilpasse nasjonal politikk til lokale og regionale forhold.

Det blir i [Meld. St. 6 \(2018–2019\)](#) «Oppgaver til nye regioner» peika på at følgande samfunnsutfordringar treng regionale løysingar;

- Samfunnet og næringslivet må gjennom eit grønt skifte

- Arbeidslivet treng tilgang på kvalifisert arbeidskraft og regionalt relevant forsking
- Raske omstillingsskrav gjer at arbeidstakarar må skaffe seg ny kunnskap og tilpasse seg nye oppgåver og nye jobbar
- Den demografiske utviklinga er ulik, det krev ulike tiltak for å ta i bruk dei menneskelege ressursane

Desse utfordringane har i stor grad blitt forsterka sidan 2019, og er minst like aktuelle no.

Regional utvikling blir til i eit samspel mellom politikk, arbeids- og næringsliv, kunnskaps- og kompetansemiljø, og frivilligheita. Innovasjon og kapital er avgjerande. Tilgang på naturressursar gir store moglegheiter, men sett og klare grenser med tanke på miljø- og klimautfordringar. Innbyggjarane i regionen er kanskje det viktigaste for den regionale utviklinga, med sin kompetanse og arbeidskraft, sin kultur og identitet. Stadutvikling, innovasjon, næringsutvikling, kulturutvikling og demografi er tett vevd saman.

Regionen Møre og Romsdal vil berre lykkast om vi får ulike aktørar til å spele på lag og å dele nokon av dei same overordna måla. Vi er avhengig av kvarandre, av innsats, engasjement, skaparevne, kunnskap og økonomiske verkemiddel. Fylkeskommunen åleine kan ikkje hindre fråflytting, skape nye arbeidsplassar eller gode oppvekstmiljø. Samfunnsutvikling handlar om summen av innsats retta mot klima og miljø, folkehelse i brei forstand, kompetanse, kultur, ressursforvaltning, samferdsel og næringsutvikling. Den regionale samfunnsutviklarrolla kan oppsummerast i følgande tre hovuddimensjonar:

- å gi strategisk retning til samfunnsutviklinga, tilpassa regionale og lokale forhold
- å mobilisere privat sektor, kulturliv og lokalsamfunn
- å samordne og koordinere offentleg innsats og verkemiddelbruk

Det viktigaste verktøyet fylkeskommunen har for å samordne, mobilisere og gi strategisk retning til samfunnsutviklinga er den regionale planlegginga.

Felles ambisjonar og mål

Plan- og bygningsloven krev at regional planstrategi skal «ta stilling til langsiktige utviklingsmål» (§ 7-1 andre ledd).

Gjennom planprosessen ønskjer vi derfor å få fram kva som skal vere Møre og Romsdal sine overordna og felles mål fram mot 2036, altså tre valperiodar fram i tid. Vi må stille oss spørsmåla:

- Kva vil vi med fylket Møre og Romsdal?
- Korleis gjer vi Møre og Romsdal til ein enno betre stad å bu i og virke i for våre innbyggjarar?
- Kva for posisjon meiner vi Møre og Romsdal skal ta nasjonalt og internasjonalt?
- Korleis skal vi leve og virke for å bidra til å nå FN sine berekraftmål

Det er eit mål at vi gjennom planprosessen kjem fram til felles ambisjonar på vegner av alle oss som bur og virke i Møre og Romsdal, ambisjonar vi kan samle oss om og bli motivert av.

I regional planstrategi skal vi også trekke opp dei overordna måla for utviklinga i Møre og Romsdal fram mot 2036 (tre valperiodar). Korleis ønskjer vi det skal vere i Møre og Romsdal om 12 år?

Den regionale Fylkesplanen skal vere meir operativ. Måla må bli utvikla med ein planhorisont på 12 år, men måla skal vere knytt til fylkestningsperioden. Her skal vi bli samde om kva vi ønskjer å oppnå denne 4-årsperioden fram til 2028 og kva strategiar som kan føre oss dit.

Avklare planbehov

Regional planstrategi er eit verktøy for å ta stilling til kva regionale planoppgåver det nyvalte fylkestinget vil prioritere for å fremme ønskt utvikling i fylket. Arbeidet med regional planstrategi skal føre fram til ei avgjerd om kva planar fylkeskommunen har behov for å utarbeide eller vidareføre i fireårsperioden. Dette skal bli gjort i samarbeid med kommunar, statlege organ, organisasjonar og institusjonar som planarbeidet får verknad for.

Statlege og regionale organ og kommunane skal etter plan- og bygningslovens § 7-2 «legge den regionale planstrategien til grunn for det videre planarbeidet i regionen». Det er derfor viktig at desse blir trekt med i vurderinga av kva planar fylkeskommunen skal ha i neste planperiode:

- Er det planar vi kan avvikle eller legge inn i andre planar?
- Er det regionale planar eller strategiar som bør bli revidert?
- Treng vi nye regionale planar eller strategiar?
- Må vi avsette ressursar til interkommunale eller statlege planar?

I desse vurderingane må vi også svare ut dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging, jf plan- og bygningslovas § 6-1.

Behov for nye planar og revidering av planar må også bli vurdert opp mot økonomiske og andre ressursmessige føresetnadar for gjennomføring, og ikkje vere meir omfattande enn nødvendig, jf plan- og bygningslovas § 3-1.

Krav om planprogram

Regional planstrategi er ikkje definert som ein plan etter plan- og bygningsloven, det er derfor ikkje krav om at denne må ha eit planprogram.

Med kravet i plan- og bygningsloven om at regional planstrategi skal ta stilling til langsiktige utviklingsmål, har vi fått ein overlapp mellom regional planstrategi og regionale planer (fylkesplanen) som strategisk styringsdokument. Det er derfor tenleg å utarbeide regional planstrategi og fylkesplan i same prosess.

Fylkesplanen er vår regionale plan for heilskapleg samfunnsutvikling i Møre og Romsdal – og er omfatta av kravet om planprogram, jf plan- og bygningslovens § 4-1:

«For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet».

I følge plan- og bygningsloven skal planprogrammet gjere greie for:

- Formål med planarbeidet
- Planprosess med fristar og deltagarar
- Opplegg for medverknad
- Behov for utgreiingar


Høyring av planprogrammet er ein viktig milepæl i arbeidet fram mot ny regional planstrategi og fylkesplan. Høyringa skal sikre at myndigheter og interesser som dette får følgjer for, får oversikt over aktuelle problemstillingar og korleis forslaget påverkar eigne interesser. Målet er å gi høve til tidleg medverknad, god informasjon og dialog, og ein føreseieleg prosess for alle involverte.

2. Regional planlegging i Møre og Romsdal

Plansystem og hierarki

Den regionale planlegginga blir koordinert av planseksjonen i Stab for strategi og styring, Alle fagavdelingane er tett knytt på arbeidet med oppfølging av dei regionale planane gjennom faste møte i den interne Plangruppa, i fylkeskommunedirektøren si leiargruppe og gjennom økonomiplan- og budsjettprosessen. Oversikten over fylkeskommunen sine planar finn du på heimesida: [Planar og planarbeid](#)

I førre rullering av det regionale plansystemet, vart det gjort store endringar og rydda mykje. Plansystemet har no fire nivå, og heng saman heilt frå overordna Regional planstrategi med fire langsiktige utviklingsmål, og ned til handlingsprogram med resultatmål og måleindikatorar. Handlingsprogrammet er ein del av økonomiplanen. Vi har ein felles tverrsektoriell regional plan – Fylkesplan for Møre og Romsdal, som blir følgd opp av fylkesstrategiar som går meir i djupna på ulike tema og fagområde. I tillegg ligg det nokre regionale delplanar i systemet som er vidareført frå tidlegare, ein regional plan pålagt av sentrale styresmakter, og ein FylkesROS utarbeida av statsforvaltaren i samarbeid med fylkeskommunen. Plansystemet kan illustrerast slik:



Figur 1: Gjennomgående og samanhengande plansystemet i Møre og Romsdal med fire nivå

Regional planstrategi

Regional planstrategi (RPS) er no det einaste obligatoriske elementet for planlegging på regionalt nivå etter plan- og bygningsloven. Det er likevel eit krav om at denne skal bli følgd opp av regionale planer der RPS avdekker behov, men det er ingen krav om kor mange, eller på kva for tema, berre prosesskrav.

Den regionale planstrategien skal:

- gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar
- vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter
- ta stilling til langsiktige utviklingsmål
- ta stilling til kva spørsmål som skal tas opp gjennom vidare regional planlegging

- innehalde ei oversikt over korleis dei prioriterte planoppgåvene skal følgjast opp og opplegget for medverking i planarbeidet.

Den gjeldande regionale planstrategien for Møre og Romsdal vart vedtatt i fylkestinget i juni 2020. Den bygger på FN sine berekraftmål og er organisert etter målet om samarbeid, og dei tre berekraftdimensjonane miljømessig berekraft, sosial berekraft og økonomisk berekraft. Den har 4 langsiktige utviklingsmål for Møre og Romsdal som samfunn;

Samarbeidsfylket:



LANGSIKTIG UTVIKLINGSMÅL 1:

Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid

Miljøfylket:



LANGSIKTIG UTVIKLINGSMÅL 2:

Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1

Inkluderings- og kompetansefylket:



LANGSIKTIG UTVIKLINGSMÅL 3:

Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfoldig fylke der folk vel å bu

Bunntekst

Verdiskapingsfylket:



LANGSIKTIG UTVIKLINGSMÅL 4:

Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

Planstrategien gir ein systematisk gjennomgang av planbehov på desse temaområda basert på kunnskapsgrunnlaget og utfordringsomtalen til planstrategien.

Gjeldande regionale planstrategi finn de på fylkeskommunen si nettsida under Planar og planarbeid; [Regional planstrategi](#)

Regionale planar – Fylkesplan

Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021–2024 er vår overordna tverrsektorielle regionale plan og vart vedtatt i fylkestinget i oktober 2021.

Planen hentar ned dei fire langsigte utviklingsmåla frå RPS på samarbeidsfylket og dei tre berekraftdimensjonane. Under kvar av dei fire langsigte måla ligg det fylkesplanmål, 24 til saman. Dette er mål om samarbeid, mål knytt til alle sider ved klima, miljø og beredskap, mål på utdanning og kompetanse, kultur, helse, by- og tettstadutvikling, mål for innovasjon, nyskaping og eksport, seriøst arbeidsliv og mål for samferdsel.

Dette er ein plan for å utvikle samfunnet Møre og Romsdal. Svært mange av måla kan ikkje fylkeskommunen oppfylle åleine. Samarbeid er derfor ofte nøkkelen til måloppnåing; samarbeid mellom ulike forvaltningsnivå, innan sektorar og mellom sektorar, samarbeid mellom privat og offentleg, og samarbeid mellom det offentlege og frivillgheita.

Bunntekst 22pt

Meir informasjon finn du på nettsida www.mrfylke, og [Fylkesplan](#)

Fylkesstrategiar

Ein fylkesstrategi er ein del av fylkesplanen, er tett kopla til dei fylkesplanmåla som er relevant for strategien, og har same status som fylkesplanen. Eit dokument med namnet fylkesstrategi vil dermed saman med fylkesplanen vere førande for kommunar og regionale statsetatar, og kan nyttast som grunnlag for å fremme motsegn.

Ein fylkesstrategi er i utgangspunktet fireårig. Planhorisonten er likevel ofte lengre, altså den perioden ein tek omsyn til og tek innover seg i utarbeidninga av strategien.

Tidsperioden for dei fire åra strategien skal vere gyldig er ofte forskjøve samanlikna med fylkesplanen, fordi fylkesstrategiane som hovudregel blir utarbeidd etter at fylkesplanen er vedtatt. Det er viktig å påpeike at ein kvar plan eller fylkesstrategi vil kunne vidareførast etter fire år, når RPS blir rullert, dersom ein vurderer at innhaldet ikkje er utdatert, og ei vidareføring er mest formålstenleg.

Fylkesstrategiane har meir konkrete, detaljerte og handlingsorienterte resultatmål for kortare eller lengre periodar. Resultatmåla dannar utgangspunkt for å kome fram til årlege tiltak/måleindikatorar som skal inn i økonomiplanen og få finansiering.

Ein fylkesstrategi er eit dokument som utdjupar måla i RPS og fylkesplanen.

Fylkesstrategiane gjeld ein bestemt sektor eller eit bestemt tema – og kan og vere tverrsektorielle. Fylkesstrategiane går ofte ned i dei ulike fagfelta og utgreier problemstillingar, avklarar prinsipp, gi retningsliner og prioriteringar.

Fylkesstrategiane bygger delvis på prosessen som vart gjennomført for å utarbeide RPS og fylkesplanen. Når dette allereie var gjennomført, kunne utarbeiding av fylkesstrategiane vere noko enklare og meir effektivt. Det er likevel heilt essensielt å utarbeide fylkesstrategiar gjennom gode nok planprosessar. Trekke inn berørte partar for

å «treffe» riktig, og slik at dei opplever medverknad og å bli hørt, er heilt avgjerande for å lukkast med gjennomføringa av strategiane i etterkant. Kravet til ein planprosess for ein fylkesstrategi er definert i RPS. Det må bli utarbeidd ei oppstartsmelding til hovudutval – og til fylkesutvalet som er planutval – som skal innehalde:

- Bakgrunn for fylkesstrategien og kva ein ønsker å oppnå med den
- Utgreiing om kven som blir omfatta av fylkesstrategien, kva for planprosess som skal gjennomførast, og kven som skal involverast
- Ei vurdering av om det er spesielle sårbare grupper det skal takast spesielt omsyn til i prosessen i tråd med PBL, knytt til den spesifikke fylkesstrategien
- Oversikt over kva for tema og problemstillingar fylkesstrategien er tenkt å ta opp
- Eit opplegg for høringsrunde for fylkesstrategien som gir partane reell moglegheit for påverknad.

I alle fylkesstrategiane kjem det fram at fylkesstrategien er ein del av fylkesplanen. Relevante langsiktige utviklingsmål frå RPS, og relevante fylkesplanmål ligg og i strategien. Dette er viktig for å vise og vere medveten på samanhengen og tilknytinga i plansystemet. Det vil og tydeleggjere planstrukturen og plannivåa for omverda.

Desse fylkesstrategiane er vedtatt:

Vedtatt 2020:

- Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021 – 2024
- Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring 2020-2024
- Fylkesstrategi for tilbod i vidaregåande opplæring 2020 – 2024

Vedtatt i 2021:

- Ny Fylkesstrategi for samferdsel
- Ny samla Fylkesstrategi for forsking og innovasjon 2021-2024
- Ny Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer

- Regional plan for vassforvalting (krav om regional plan frå sentrale styresmakter)
- Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring 2021–2025
- Fylkesstrategi for tilbod i vidaregåande opplæring 2022 – 2025

Vedtatt i 2022:

- Fylkesstrategi for internasjonalt samarbeid 2022 – 2027
- Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023 – 2026
- FylkesROS for Møre og Romsdal (Statsforvaltaren i samarbeid med MRFK)
- Fylkesstrategi for kvalitet i vidaregåande opplæring 2022–2026
- Fylkesstrategi for tilbod i vidaregåande opplæring 2023 – 2026
- Fylkesstrategi for seriøst arbeidsliv 2022 – 2025 (låg ikkje i RPS)

Planar og fylkesstrategiar som er under arbeid:

- Fylkesstrategi for miljø, klima og energi
- Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader
- Fylkesstrategi for kompetanse
- Nytt – utarbeide kunnskapsgrunnlag for mineral-ressursar og massehandtering

Planar som vart vidareført i førre rullering:

- Regional delplan for Ottasdalsområdet (Samarbeid med Innlandet og vestland)
- Regional delplan for Dovrefjell (Samarbeid med Innlandet og Trøndelag)
- Regional delplan for kulturminne og kulturmiljø av nasjonal karakter
- Beredskapsplan for fonnofunn 2018 – 2021
- FylkesROS fjellskred
- Regional delplan for museum 2017 – 2026
- Fagplan bibliotek 2017 – 2020
- Transportberedskapsplan med risiko og sårbarheitsanalyse

Gjennomføring av fylkesplanen er avhengig av eitt breitt samarbeid mellom mange partar. Fylkeskommunen har mange ulike nettverk vi nytter i arbeidet. Det er i tillegg inngått regional samarbeidsavtale med ei rekke regionale statsetatarar.

I løpet av 2023 vil det digitale verksemderstyringssystemet FRAMSIKT bli tatt i bruk i fylkeskommunen. Dette vil gi digitale planer, gjere det lettare å kople planer, og gi enno betre samanheng i plansystemet.

Økonomiplan med handlingsprogram

Plan og bygningsloven frå 2018 og Kommuneloven frå 2018 sett nye krav til kopling mellom planarbeid og budsjett. I kommuneloven § 14.4 står det: «Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.» Plan og bygningsloven § 11 – 1 sier: «Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 14-2 bokstav a kan inngå i eller utgjøre handlingsdelen».

Som følge av dei nye krava, vart handlingsprogramma for fylkesplanen og regionale planer/fylkesstrategiar frå og med 2019 integrert i økonomiplan med budsjett. Det årlege plan og budsjettarbeidet er samla i ein prosess og eit dokument. Slik blir det sikra ein klar samanheng mellom kva ressursar som er tilgjengeleg og kva tiltak som blir prioritert for å nå måla i fylkesplanen.

Fylkesstrategiane/planane blir også følgd opp i avdelingsvise verksemdsplanar. Informasjon om økonomiplan med handlingsprogram og tiltaksplanane og rapportering på desse finn de på nettsida

[Økonomi og handlingsprogram med budsjett](#)

Det digitale verksemssstyringssystemet FRAMSIKT som vil bli tatt i bruk i 2023 har også økonomimodul, der økonomiplan vil bli lagt inn og digitalisert. Det vil og gjøre det lettare å kople resultatmål frå fylkesstrategiar/regionale planar og budsjett.

3. Rammer og føringar

FNs berekraftmål

Plansystemet i Møre og Romsdal er forankra i Agenda 2030 og FN sine 17 berekraftmål (Sustainable Development Goals – SDG). Agenda 2030 er ei erklæring som stadfestar ei global semje om at grunnleggande endringar er nødvendige for å trygge global stabilitet og jorda si berekraft.

For å realisere 2030-agendaen, utvikla FN dei 17 berekraftmåla med 169 delmål. Dei vart vedtatt i 2015 og utgjer ein felles arbeidsplan for medlemslanda i FN.

I Møre og Romsdal ligg alle dei 17 berekraftmåla til grunn for planarbeidet, fordi utfordringane og utviklingspotensialet i stor grad ligg i samanhengane mellom dei 17 måla. Planarbeidet er organisert etter berekraftdimensjonane. Melom dei 17 berekraftmåla ligg også målkonfliktane, som er vanskelege, men som vi ikkje kan vike unna for, eller vegre oss for å gå inn i, om vi skal få ei berekraftig framtid. Dette er også ein viktig grunn til valet om å ha ein felles tverrsektoriell regional plan – Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal.

Måling, indikatorar og rapportering

Møre og Romsdal fylkeskommune underteknna i 2019 ein avtale om deltaking i programmet United for Smart Sustainable Cities (U4SSC). I tillegg lanserte fylkeskommunen Berekraftfylket Møre og Romsdal – program for eit berekraftig fylke. FN sine berekraftsmål har etter dette blitt innarbeidd i overordna planar og blitt ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga, og dermed fylkeskommunane og

kommunane si verksemd. Likevel er det enno ein god veg å gå for at berekraftmåla, og ikkje minst prioriteringane i samfunnsutviklinga gjer at vi kan ha ei berekraftig framtid.

I løpet av 2021 vart alle kommunane i Møre og Romsdal målt på berekraftindikatorane etter metoden som er utvikla av United for Smart Sustainable Cities (U4SSC). Alle kommunerapportane vart godkjent av ITU (FN). U4SSC er eit FN støtta program som ved bruk av nærmare 100 indikatorar (KPI) måler stoda i kommunen i høve til FN sine berekraftmål. Det vart og laga ein samlerapport for heile fylket, som ligg på Møre og Romsdal fylkeskommune si heimeside: [Berekraftrapport Møre og Romsdal 2021](#)

Nasjonale forventningar

Plan- og bygningslova slår i § 6-1 fast at staten kart fjerde år skal levere forventningar til den regionale og kommunale planlegginga. Her blir det vist til oppgåver og interesser regjeringa meiner er viktig at fylkeskommunane og kommunane tek opp i planlegginga for å bidra til gjennomføring av nasjonal politikk. Dei nasjonale forventningane for perioden 2023 til 2027 vart lagt fram 20. juni: [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027](#). Dei viktigaste forventningane er:

- Berekraftmåla skal ligge til grunn
- Samordning og samarbeid i planlegginga – ingen skal utelatast, sosial og geografisk omfordeling skal bli veklagt, og sårbare grupper skal bli prioritert i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn med særskilt vekt på vekst og utvikling i område med svak eller negativ utvikling i folketalet
- Velferd og berekraftig verdiskaping gjennom god planlegging og grønt industriløft
- Klima, natur og miljø for framtida gjennom heilskapleg planlegging og interkommunale eller regionale areal- og transportplanar

- Samfunnstryggleik og beredskap gjennom ROS-analyser, sikring av forsvaret sitt arealbehov, sikring mot naturfare, , sikring av areal for matproduksjon og drikkevatn, trygg kraftforsyning og kommunikasjon

Plankrav sett i andre lover, slik som opplæringsloven, folkehelseloven, diskriminerings- og tilgjengeloven, kulturminneloven, folkebibliotekloven og vassforskrifta vil også bli teke med i regional planstrategi. Det vil også bli vist til viktige nasjonale satsingar i perioden der regionalt samarbeid vil vere viktig for innbyggjarane i Møre og Romsdal.

Økonomiske rammer

For 2023 er det ikkje avsett ekstra ressursar til personell eller utgreiingar som underlag til ny regional planstrategi, bortsett frå eit oppdrag på arealrekneskap. Grunnen til dette er at det i gjeldande planperiode er utarbeidd ei lang rekke fylkesstrategiar med tilhøyrande kunnskapsgrunnlag. Det eksisterer derfor eit omfattande og grundig kunnskapsgrunnlag ved inngangen til ny rullering. Dette må bli nytta i rulleringa, og er eit svært godt grunnlag for planprosessen. Sjå meir under kapittelet Kunnskapsgrunnlag.

4. Kunnskapsgrunnlag

Utviklingstrekk for Møre og Romsdal

Temaa som kunnskapsgrunnlaget må ta opp, er ikkje vesentleg endra etter førre rullering. Likevel er ein del utviklingstrekk forsterka, som tilgang på kompetanse, auke i tal eldre, det har vore ein pandemi som enno ikkje kan seiast å vere over, og det er krig i Europa. Det er svært viktig å fange opp desse nye eller forsterka utviklingstrekkja, både globale, nasjonale, regionale og lokale. Dei viktigaste trekka her er truleg:

- Auke i tal eldre og færre yrkesaktive bak kvar pensjonist
- Nedgang i fødselstala og sentralisering
- Vedvarande mangel på arbeidskraft og kompetanse
- Lokaldemokrati som blir utfordra frå fleire hald
- Aukane ulikheit, utanforskap og fattigdom

- Trongare økonomiske rammer
- Aukande miljø- og klimautfordringar
- Større risiko for uønskte hendingar
- Aukande behov for energi og betre energiinfrastruktur
- Rask teknologiutvikling og digitalisering og store omstillingar i arbeidslivet

Den regionale planstrategien skal ta utgangspunkt i samfunnsutviklinga i brei forstand og gjere greie for sentrale regionale utviklingstrekk og utfordringar. Dette krev at det blir utarbeidd eit eige kunnskapsgrunnlag til planstrategien. Dette vil også vere nyttig for kommunane i deira arbeid med kommunal planstrategi.

Kunnskapsgrunnlaget, eller «Utviklingstrekk for Møre og Romsdal» som det blir kalla, skal tene til å kartlegge generelle utviklingstrekk og regionale utfordringar for Møre og Romsdal. Eit slikt dokument vart utarbeidd også i 2019 og ligg på nettsida til fylkeskommunen under fanen Fylkesplan; [Nettside med fylkesplan og kunnskapsgrunnlag 2020 – 2024](#). Dokumentet var strukturert etter berekraftmålet Samarbeid, og dei tre berekraftdimensjonane. Dette vil vere oppskrifta også denne gongen fordi berekraftmåla sjøvsagt framleis skal ligge til grunn. Arbeidsdokumentet til kunnskapsgrunnlaget er derfor sett opp med følgande kapittel:

SAMARBEID

- Samarbeid for å nå måla

MILJØDIMENSJONEN

- Miljø og klima
- Energi

SOSIAL DIMENSJON

- Demografisk utvikling og sentralisering
- Kompetanse og utdanning
- Ulikheiter og utanforskning
- By- og tettstadutvikling
- Kultur, idrett og frivillig innsats
- Demokrati og medverknad

- Tannhelse

ØKONOMISK DIMESJON

- Verdiskaping, teknologi og innovasjon
- Mobilitet

I det endelege dokumentet er det tenkt at både overskriftene og underoverskriftene skal vere poengterte og gi informasjon om det faktiske innhaldet.

Oversikt over folkehelsa

Folkehelselova sett klare krav til arbeidet med folkehelse, og til fylkeskommunen og kommunar som ansvarlege. I forskrift om oversikt over folkehelsen står det i § 5 *Krav om oversiktsdokument hvert fjerde år*: «Kommuner og fylkeskommuner skal utarbeide et samlet oversiktsdokument hvert fjerde år som skal ligge til grunn for det langsigtinge folkehelsearbeidet. Oversiktsdokumentet skal foreligge ved oppstart av arbeidet med planstrategi etter plan- og [bygningsloven § 7-1 og § 10-1](#). Oversiktsdokumentet skal ikke inneholde opplysninger som kan knyttes til enkeltpersoner, jf. [personopplysningsloven § 2 nr. 1](#)»

Ei oversikt over folkehelsa vart utarbeidd i 2021, og ligg på fylkeskommunen si heimeside [Folkehelsestatistikk](#). Her ligg og rapport frå ei folkehelseundersøking i Møre og Romsdal i 2021, der det også ligg tal for kvar kommune. Arbeid med ny oversikt over folkehelsa i Møre og Romsdal er i gang, og vil bli ferdig i løpet av april.

Kunnskap om kompetanse og arbeidskraftsbehov

Gjennom regionreforma i 2020 fekk fylkeskommunane eit tydelegare regionalt ansvar for kompetanseutvikling, og kopling mellom tilbod og etterspurnad i den regionale arbeidsmarknaden. Tilgang til nok arbeidskraft med rett kompetanse er ei stor utfordring for både næringsliv og offentleg sektor. Ei utfordringa som berre vil auke framover, med fleire eldre og færre unge. Digitalisering, berekraft, demografi og krav til omstilling gjer at behovet for kompetanse er i konstant endring. Det betyr at både dei som er i arbeid i dag, og dei som skal inn i arbeidslivet, må tilegne seg ny kompetanse gjennom heile livet. Det

er ikkje mogleg å aleine rekruttere seg ut av utfordringane med tilgang på rett kompetanse. Det må bli lagt til rette for livslang læring og kvalifisering av dei arbeidstakarane ein allereie har.

Hausten 2022 vart det sett i gang arbeid med ny Fylkesstrategi for kompetanse. Denne blir ferdig i løpet av 2023. Det ligg meir informasjon om dette arbeidet på fylkeskommunen si heimeside: [Nettside om arbeidet med Fylkesstrategi for kompetanse](#). Som grunnlag for arbeidet, vart det bestilt ein rapport frå konsulentelskapet Menon Economics; [Kartlegging av kompetansebehov i Møre og Romsdal 2021](#).

Omfattande eksisterande kunnskapsgrunnlag

I tillegg til kunnskapsgrunnlaga og arbeidet omtalt over, er det utarbeidd eit omfattande kunnskapsgrunnlag i samband med planarbeidet som har skjedd dei siste åra. Dette vil vere grunnlaget for kunnskapsgrunnlag til Regional planstrategi og Fylkesplan. For å gi eit innblikk, har vi omtalt, og linka opp noko av dette omfattande kunnskapsgrunnlaget, men oversikten er på ingen måte utfyllande. Ei totaloversikt vil kome i sjølve kunnskapsgrunnlaget.

Samferdsel: På samferdselsområdet fekk fylkeskommunen overført ressursane knytt til personell for arbeidet med fylkesvegane, der ansvaret også tidlegare hadde vore fylkeskommunalt, men der personellressursane låg hos Statens vegvesen. I samband med endringane, blei Fylkesstrategi for Samferdsel utarbeida, og var ferdig i 2021; [Fylkesstrategi for samferdsel 2021 - 2024](#). Her ligg det og eit kunnskapsgrunnlag for strategien. For å følgje opp strategien, blir det i tillegg utarbeida årlege notat på utvalde tema.

Kultur: Kultursektoren fekk ny fylkesstrategi i 2021. Målsettinga for arbeidet har vore å utvikle kultursektoren til ein drivkraft for gode lokalsamfunn, medverke til ein kultursektor som er mangfaldig, relevant og tilgjengeleg, som realiserer fylkeskommunen sin

kulturpolitikk, avklarar roller i kultursektoren, og medverkar til utvikling av ein kunnskapsbasert kulturpolitikk.

[Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer](#)

Integrering: Fylkeskommunen har no eige ressursar på integrering, og har ansvaret for:

- Kapasitetsstyring av busetting, der fylkeskommunen skal tilrå IMDi kva kommunar som bør oppmodast om å busette flyktningar, samt kor mange kommunane skal busette
- Følgje opp det regionale arbeidet med sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap og kjønnslemlesting
- Medverke til kompetanseheving av kommunane i deira lokale kvalifiseringsarbeid med kvalifisering av flyktningar
- Gi karriererettleiing til personar som skal inn i introduksjonsprogram.
- Medverke i arbeidet med frivillighet og samfunnssdeltaking på regionalt nivå
- Organisere ordningane med jobbsjansen del B, mentor- og traineeordningar og etableraropplæring for innvandrarar.
- Gi vidaregåande opplæring i samsvar med opplæringslova og integreringslova
- Samarbeide med regionale sektormyndigheter

I tillegg til dette, påverkar mange av fylkeskommunen sine andre oppgåver også arbeid flyktningane sin integrering. Sjå nærmare om integreringsarbeidet i; [Plan for kvalifisering av innvandrarar 2022](#). Arbeidet med integrering vil frå 2024 inngå i den nye Fylkesstrategi for kompetanse som er under utarbeiding.

Forsking og utvikling, og landbruk: To andre fylkesstrategiar vart og vedtatt i 2021 og 2022. I samband med dette arbeidet har det også blitt utarbeida kunnskapsgrunnlag. Dei to fylkesstrategiane er:

- Ny samla Fylkesstrategi for forsking og innovasjon 2021–2024
- Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023 – 2026

Næring og samfunn - Fylkesstrategiar

Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader: Denne fylkesstrategien skal opp som sak i fylkestinget i april, men knytt til denne er det utarbeida fleire rapportar som utgjer kunnskapsgrunnlag. Dette ligg på fylkeskommunen si nettside

[Kunnskapsgrunnlag til Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023 – 2026](#)

Dette er:

- Kunnskapsgrunnlag (utarbeida ved oppstart av arbeidet)
- Rettleiar for fortetting med kvalitet
- Regional handelsanalyse for Møre og Romsdal
- Byrekneskap for utvalde byar og tettstader I Møre og Romsdal
- Erfaringar og råd i arbeidet med sentrumsutvikling

Fylkesstatistikk: I tillegg vil også Fylkesstatistikk for Møre og Romsdal vere eit særskilt viktig kunnskapsgrunnlag. Denne blir utarbeida årleg, og ein helt fersk utgåve vil kome under innspurten av arbeidet med regional planstrategi og Fylkesplan.

[Fylkesstatistikk Møre og Romsdal](#)

5. Evaluering

Kravet om ny regional planstrategi kvart fjerde år gir fylkeskommunen moglegheit til å gå gjennom planverket jamleg. Då er det viktig at vi evaluerer korleis dette har fungert for ulike målgrupper. Korleis oppfattar fylkespolitikarane planane og planprosessane våre? Korleis fungere fylkesplanen som styringsreiskap for fylkeskommunedirektøren og avdelingsleiarane? Og kva med kommunane og statsetatane som skal følgje opp dei regionale planane våre – kva meiner dei?


Arbeidet med rulleringa av plansystemet starta denne gongen med intern evaluering i november 2022. Alle avdelingane var med kvar si runde med evaluering på prosjektarenaen. Dette danna grunnlaget for planprosessen slik den no er lagt opp.

Vidare i prosessen vil evaluering av gjeldande plansystem bli eit spørsmål i arbeidsverkstadane, og spesielt fordi fylkeskommunedirektøren legg opp til å halde på mykje av det plansystemet som vart utvikla i førre rullering. Det blir likevel viktig å evaluere for å få innspel til justeringar. Ikkje minst blir det viktig for å fange opp nye utviklingstrekk i samfunnet, slik at vi ikkje arbeider vidare ut frå for lite treffsikre mål.

6. Organisering, framdrift og medverknad

Organisering

Fylkesutvalet er naturleg som styringsgruppe for arbeidet fordi fylkesutvalet er planutval. Vidare er forankringa i topplinga svært viktig, ikkje minst for å få drøfta problemstillingar på tvers i organisasjonen. Planseksjonen i Stab for strategi og styring har fagansvaret og fagkompetansen på planarbeid, og må styre og handtere arbeidet frå dag til dag. På fagavdelingane og enkelte stabsavdelingar ligg tung og viktig fagkompetanse som er heilt avgjerande å nytte for å få til arbeidet, så arbeidsgruppa bestående av representantar frå avdelingane, er avgjerande for å få til arbeidet, og få den kvaliteten som arbeidet må ha. I tillegg til det som er sett opp i organisasjonskartet, blir arbeidet forankra i leiargruppene på avdelingane i starten av arbeidet.



Framdriftsplan

Arbeidet starta opp hausten 2022 gjennom intern evaluering med avdelingar i fylkeskommunen. Det er lagt opp til endeleg vedtak av regional planstrategi og fylkesplan i juni 2024. Framdrifta i arbeidet er bestemt av tidpunktet for kommune- og fylkestingsvalet og når nye politikarar er på plass, og av omsynet til å rekke budsjettprosessen. Grov framdriftsplan ser slik ut:

- Nov.22: Evaluering av plansystem, prosess, kunnskapsgrunnlag
- Febr. 23: Prosjektgrunngjeving og oppstart toppleiargruppa
- April 2023: Fylkesutvalet får høringsutkast Planprogram
- April 2023: Planverkstad med fylkesutvalet og gamle fylkespolitikarar
- April 2023: Ferdig kunnskapsgrunnlag publisert på mrfylke.no
- Mars-nov. 2023: Medverknad – eksterne og fylkespolitikarar
- Juni 2023: Vedtak Planprogram i fylkesutvalet
- Mai – des. 2023: Utarbeide høringsutkast til RPS og Fylkesplan
- November 2023: Planverkstad med det nye fylkesutvalet
- Jan. 2024: Høringsutkast RPS og FP i fylkesutvalet
- Febr. – medio april 2024: Offentleg ettersyn RPS og FP
- Juni 2024: Endeleg vedtak RPS og FP i fylkesutvalet/Fylkestinget

Nov 2022

Juni 2024

Medverknad

I samband med alt planarbeidet som er på gang, og som er gjort dei siste åra, er det gjennomført omfattande medverknadsprosessar. Fylkeskommunen sitt på mykje og relevante innspel frå desse prosessane, mange har vore involvert og bidratt. Då må ein vere merksam på medverknadstrøttheit. På bakgrunn av dette, vil vi prøve å treffe riktig «nivå» på medverknad, ikkje for mykje, men nok og riktig. Vi vil da nytte eksisterande arenaer og arrangement, der interessantane allereie skal delta. På desse arenaene vil vi

gjennomføre korte arbeidsverkstad på 1,5 time med noko informasjon om arbeidet, og drøfting og prioritering rundt nøkkelspørsmål. Medverknadsaktivitetane er tenkt slik:

Arena/målgruppe	2022	2023	2024
Intern evaluering	Nov		
Fylkeskommunedirektøren si toppleiargruppe		Nov, mai, sept,des.	Mai
Leiargruppene på avdelingane i MRFK		Febr,mars	
Intern arbeidsgruppe m medlemmar frå avdelingane		Fort- løpande	Fort- løpande
Fylkesutvalet Nytt fylkesutval		12. april, 27. nov.	
Ungdomspanelet		14. april	
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne		17. april	
Eldrerådet		18. april	
Kommunane gjennom dei interkommunale politiske råda		April, mai, juni	
Fylkeskulturkonferansen		12. mai	
Plannettverka (kommunale planleggarar)		Tidleg haust	
Regionale statsetatar gjennom Regionalt planforum		Tidleg haust	
Partnarskap for kompetanse og verdiskaping (dato ikkje avklart)			
Nettverk for flyktningetenesten (dato ikkje avklart)			
Ein møtearena i programmet Møre og Romsdal mot 2025 (dato ikkje avklart)			
Kampanje for innbyggjarane på nett og i sosiale medium		Tidleg haust 2023	

7. Innspel til oppstart av planprosessen

Når dette dokumentet er på høyring, ønsker vi innspel ikke berre på dokumentet, men også på:

- Om det er tema som det er nødvendig å utgreie i tillegg til det som er omtalt i planprogrammet?
- Om det er internasjonale, nasjonale eller regionale føringar og føresetnader fylkeskommunen bør ta omsyn til i planarbeidet i tillegg til det som er nemnt i planprogrammet?
- Om det er behov for endringar i organisering, framdrift og innhald i planprosessen?